

Permitterte lærlingar 2020–2022

Mange lærlingar vart permitterte som følgje av koronasituasjonen

Då Noreg stengde ned på grunn av koronapandemien våren 2020 vart mange lærlingar permitterte frå læreplassen sin. Ved den siste innsamlinga i februar 2022 var det berre eit fåtal permitteringar grunna pandemien.

STATISTIKK | SIST ENDRET: 13.05.2022

Hovudfunn

- På det meste var nesten 4 400 lærlingar permitterte som følgje av koronasituasjonen.
- Lærlingane innan design og handverk og restaurant- og matfag var hardast ramma av permitteringar – nær halvparten vart permitterte på det meste.
- 52 lærlingar var permitterte første veka i februar 2022. 49 av permitteringane var innan restaurant- og matfag.

Under pandemien har Utdanningsdirektoratet jamleg henta inn tal frå fylkeskommunane over lærlingar og lærekandidatar som vart permitterte grunna koronapandemien. Her finn du ei oppsummering av desse tala.

Tala omfattar både lærlingar og lærekandidatar, sjølv om nemninga lærlingar brukast.

Talet på permitteringar var høgast våren 2020. I veke 18 2020 var 4 379 lærlingar permitterte grunna pandemien. Dette svarar til 10 prosent av lærlingane.

Restaurant- og matfag vart hardast ramma over tid

Dei ulike utdanningsprogramma vart ramma svært ulikt; design og handverk og restaurant- og matfag vart hardast ramma. På det meste vart om lag halvparten av lærlingane i desse to utdanningsprogramma permitterte.

- Av lærefaga er det frisørfaget og kokkefaget som hadde flest permitteringar.
- Talet på permitterte innan design- og handverk gjekk raskt ned igjen då frisørsalongane kunne opne att.
- For restaurant- og matfag gjekk nedgangen noko seinare. Dette skyldast truleg at tiltak som restaurantstenging, avstandskrav, grensar for kor mange som kunne samlast og skjenkestopp varte over lengre tid.
- Utover hausten 2020 vart det stadig færre permitterte, men dette snudde då samfunnet stengte ned igjen mot slutten av året. Då var det hovudsakleg lærlingar innan restaurant- og matfag som vart ramma av permitteringar.
- Også i 2021 utgjorde lærlingar innan restaurant- og matfag det store fleirtalet av dei permitterte; dei andre utdanningsprogramma var i liten grad påverka.
- I starten av 2022 var det ein liten auke i permitterte, men denne gjekk fort ned igjen.
- Innsamlinga vart avslutta etter veke 5 2022.



Sjå vår analyse om [konsekvensar av koronapandemien for lærlingane](#).